

## i Informasjon om eksamen

### Krav til mappeeksamen

Mappeeksamen består av to deler - **ei feltrapport** og to **skriftlege oppgåver**.

Feltrapporten og dei skriftlege oppgåvene leveres samla i ein PDF-fil.

- **Feltrapport på 3000 ord +/- 10 %**. Litteraturliste kjem i tillegg. Vektlegges 50%
- **To skriftlege oppgåver. på 1000 ord +/- 10% per oppgave**. Litteraturliste kjem i tillegg. Må skrivast med utgangspunkt i pensum. Blir vektlagt 50%.
- Skriftstype Times New Roman, skriftsstorleik 12 og linjeavstand 1,5.
- Nummererte sider.
- Framsida skal bestå av:
  - antall ord på feltrapporten og antall ord på dei skriftlege oppgåvene
  - emnekode og emnetittel
  - vald oppgåve (oppgåvenummer og oppgåvetekst)
  - semester og år
  - kandidatnummer (ikkje namn). Kandidatnummer finn du i StudentWeb.
- Språk eksamen kan svarast på: norsk, svensk, dansk eller engelsk.
- Svaret skal vere anonymt, **ikkje bruk namnet ditt i svaret eller i filnamnet**.
- Svaret skal leverast som éi fil og i **PDF-format**.

### Kjeldebruk og referansar

- Ved oppgåveskriving må du gjere deg kjend med [reglane for kjeldebruk og referansar](#).
- Besvarelsen skal vera i samsvar med [praktiske råd for å skriva hjemmeoppgaver i sosialantropologi](#).
- Ved brot på reglane kan du bli mistenkt for [fusk/forsøk på fusk](#).

### Innlevering i Inspira

- [Les meir om innlevering i Inspira](#).
- Når du har lasta opp svaret ditt, vil du sjå at svaret er lagra.
- Når innleveringsfristen går ut, blir svaret levert automatisk.
- Du kan endre svaret ditt fram til fristen.
- Du finn ditt innleverte svar under **Arkiv**.

# 1 Eksamen

Du skal bruka **minst tre pensumtekstar i kvar oppgåve**. Kvar oppgåve skal vera på 1000 ord +/- % per oppgåve.

Vel **to (2)** av oppgåvene under:

1. Kva kjenneteiknar etnografisk feltarbeid? Drøft ved hjelp av konkrete døme.
2. "Ethnography ... does not claim to produce an objective or truthful account of reality, but should aim to offer versions of ethnographers' experiences of reality that are as loyal as possible to the context, negotiations and intersubjectivities through which the knowledge was produced", skriv Sarah Pink (2009: 3). Korleis kan etnografar gå fram for å leva opp til dette idealet?
3. Korleis kan etnografisk kunnskap formidlast?
4. Kva utfordringar og moglegheiter har inkludering av meir-enn-menneske og/eller digitale sfærar når det kjem til etnografisk dataproduksjon?
5. Kva kan vera etiske utfordringar i eit etnografisk feltarbeid? Gjer greie og drøft via konkrete etiske utfordringar som kan oppstå.

**Last opp feltrapporten og de to skriftlege oppgåvene samlet i en PDF-fil under.**



Det er høve til å laste opp følgjande filtypar: **.pdf**    Maksimal filstorleik er **2 GB**.

 Vel fil for opplasting

Maks poeng: 0